

## Norsk som andrespråk i digital kommunikasjon på arbeidsplassen

Kristin Vold Lexander

Digitale verktøy har blitt ein integrert del av folks daglege språklege samhandling, også på arbeidsplassen. Dette gjeld ikkje berre videomøte og e-post for arbeidstakaren som fyrst og fremst driv med kontorarbeid, men òg sosiale media på alle typar arbeidsplassar. Media blir brukt i organisering og utføring av arbeidsoppgåver og til meir sosiale formål i arbeidskonteksten, og ofte kombinerer ein dei to typane bruk. Dei digitale verktøya har ein rekke affordansar (Hutchby, 2001) som samtalepartnarar kan bruke til å skape forståing i andrespråkskontekstar, som omsettingsfunksjonar, multimodalitet i form av bilde- og videodeling, emojiar og retteprogram. Korleis blir dette nytta på fleirspråklege arbeidsplassar?

Fleirspråklegheit har direkte økonomiske og sosiale implikasjonar i yrkeslivet og det påverkar maktforholda mellom arbeidstakarane. Språkpolitikken kan slik være ein effektiv måte å kontrollere arbeidsstokken på, for å inkludere og ekskludere, og ein arbeidstakar kan nytte og tileigne seg språkleg kompetanse for å styrke eigen posisjon (Kraft, 2020; Zhu, 2014). Denne presentasjonen set fleirspråklegheit og digital samhandling i samheng og undersøker korleis litauiske arbeidsinnvandrarar og deira arbeidsgivarar mobiliserer språklege og digitale ressursar i sin arbeidskommunikasjon. Den diskuterer så korleis dette påverkar inkluderande og ekskluderande praksisar på arbeidsplassen og samanliknar arbeidsinnvandrars og arbeidsgivars perspektiv.

Ti litauiske arbeidsinnvandrarar og tre norske arbeidsgivarar i Innlandet deltar i prosjektet (DigiMulti, 2020-2024). Dei jobbar på hotell, på gard, i barnehage, i barnevern, i matbutikk og med privat reinhald, og alle arbeidsinnvandrane har budd i Noreg i fleire år. Data omfattar intervju og døme på digitale samtalar, og er innhenta frå 2020-2022. Eg har gjort fleire intervju med kvar deltakar og brukt mediagram (Lexander & Androutsopoulos, 2021), ei visualisering av deira digitale kommunikasjon laga i samband med den enkelte. For å analysere eksempel på deira digitale samhandling nyttar eg interaksjonell sosiolingvistikk (Gumperz, 1982) og diskurs-orientert digital etnografi (Androutsopoulos, 2008). Resultata frå intervju viser at dei ulike aktørane ikkje alltid har same oppfatning av kva som er gode læringssituasjonar på arbeid, eller kva som fungerer inkluderande. Samstundes kan vi observere i døma på samhandling at deltakarane brukar dei ulike moglegheitene dei finn i digital kommunikasjon til å bygge relasjonar og tillit.

### Referanser:

- Androutsopoulos, J. (2008). Discourse-Centred Online Ethnography. *Language@Internet*, 5(08).  
<http://www.languageatinternet.de>
- Gumperz, J. J. (1982). *Discourse strategies* (Vol. 1). Cambridge University Press.
- Hutchby, I. (2001). Technologies, Texts and Affordances. *Sociology (Oxford)*, 35(2), 441-456.  
<https://doi.org/10.1177/S0038038501000219>
- Kraft, K. (2020). Trajectory of a language broker: between privilege and precarity. *International journal of multilingualism*, 17(1), 80-96. <https://doi.org/10.1080/14790718.2020.1682256>
- Lexander, K. V., & Androutsopoulos, J. (2021). Working with mediagrams: a methodology for collaborative research on mediational repertoires in multilingual families. *Journal of multilingual and multicultural development*, 42(1), 1-18.  
<https://doi.org/10.1080/01434632.2019.1667363>
- Zhu, H. U. A. (2014). Piecing together the 'workplace multilingualism' jigsaw puzzle: Multilingualism at work. *Multilingua*, 33(1-2), 233-242.